

## **Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 25.11.2020**

**Thorbjørn Vareide (A)** sette på vegner av A, Sp, MDG, SV, V, H, Frp, U og KrF fram slikt forslag:

"Tillegg:

Fylkeskommunen stiller seg positiv til å stille garanti dersom det finnes lokale initiativ for ei tidlegare realisering. Difor vil Vestland fylkeskommune opne for at Bremanger kommune eller andre forskotterer utbygging av Kalvåg fiskerihamn, med utbetaling av byggjekostnad inntil kr. 72 mill eks. mva. i perioden 2025 - 2027. "

### **Avrøysting**

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Vareide sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune går inn som avtalepart i å utarbeide avtaleforslag mellom Kystverket og Bremanger kommune for tiltak i fiskerihamna i Kalvåg. Ans�aret Vestland fylkeskommune tek på seg er tilsvarande som Kystverket hadde med unntak av navigasjonsinstallasjoner, som framleis er Kystverket sitt ansvar.
2. Vestland fylkeskommune har som intensjon å gjennomføre prosjektet i tidsrommet 2025 til 2027 og vil innarbeide naudsynte investeringsmidlar i økonomiplanen fr  hausten 2021.
3. Fylkeskommunen stiller seg positiv til å stille garanti dersom det finnes lokale initiativ for ei tidlegare realisering. Difor vil Vestland fylkeskommune opne for at Bremanger kommune eller andre forskotterer utbygging av Kalvåg fiskerihamn, med utbetaling av byggjekostnad inntil kr. 72 mill eks. mva. i perioden 2025 - 2027.